

# «Gud, der ditt namn er kjent, får du lovsong, heilt til endane av jorda» (Salme 48,11)

Gjesteredaktør Rolf Kjøde  
Førstelektor ved NLA Høgskolen  
rolf.kjode@nla.no

I mars 2021 blei det kjent at israelske forskarar hadde funne fragment av ein tolvprofetruill i det som blir kalla Redselens hole i wadi Nahal Hever i Judea. Funnet har vakt stor merksemd sidan det er det første sikre funnet av så gamle bibelmanuskript på nesten 60 år. Ifølgje GT-forskar Carsten Vang ved Menighetsfakultetet i Danmark er dette ein variant av den såkalla *kaige*-revisjonen av *Septuaginta* (LXX), ei meir tekstnær gresk omsetting av GT frå rundt år 50 f.Kr. (Magasinet TEL 2021/2). *Kaige*-revisjonen omset ikkje GTs eigennamn *JHVH*, men skriv berre namnet inn i den greske omsettinga med paleohebraiske bokstavar. Det som er spesielt med dette siste funnet, er at desse gammal-hebraiske bokstavane blir skrivne i teksta si greske skriveretning, noko som indikerer at dei som har skrivne, ikkje var fortrulege med hebraisk språk. Likevel tar dei ikkje i bruk nokon gresk term for det heilage namnet.

Dette eksempelet illustrerer dilemma ved all omsetting, særleg ved omsetting av berande ord og terminologi. Greske lesarar ville ikkje fange opp innhaldet i ein ladd hebraisk term midt i teksta, men ville kanskje ane at dei stod overfor det heilage. Den same lesaren ville teknisk sett forstå meir om ein omsette med det greske *kyrios*, slik LXX gjer, men ville miste ei tekstleg påminning om ein større og heilag fylde.

Dette nummeret av Norsk Tidsskrift for Misjonsvitenskap drøftar ulike sider ved omsetting av dei meir generiske nemningane *elohim* og *theos*, som på norsk er blitt til «Gud». Spørsmålet blir sett frå ulike vinklar historisk og aktuelt, geografisk og politisk, språkvitenskapleg og religionsteologisk. Forfattarane og ei tilsvarende gruppe med fagfellar frå ulike forskingsinstitusjonar var samla våren 2022 til eit symposium med ein første presentasjon av manus og responsar til desse.

Lingvist, bibelomsettar og førsteamanuensis ved NLA Høgskolen, Erik Andvik, skriv om bruken av eit upersonleg omgrep for Gud i ein buddhistisk kontekst og om korleis slike omgrep over tid går gjennom eit semantisk skifte ved nye bruksområde. Missiolog og førstelektor ved NLA Høgskolen, Rolf Kjøde, ser på omsetting av «Gud» til santali på slutten av 1800-talet, og drøftar nokre religionsteologiske implikasjonar i

forlenginga av dette. GT-forskar og professor i lærarutdanninga ved NLA Høgskolen, Knut Holter, skriv om bruken av namn på høgguden i afrikanske kulturar med vekt på strategiske og etiske spørsmål knytt «kristning» av desse omgrepa i bibelomsetting. Bibelomsettar og sokneprest Anne Lise Matre adresserer spørsmålet om bruken av *Allah* i muslimsk kontekst ved å drøfte kvifor NT på Mali-fulani valde dette vekk og gjekk for ei før-islamsk løysing. NT-professor Erik Waaler ved NLA Høgskolen tar for seg ein svært aktuell konflikt der politisk bruk av islam i Malaysia har ført til forbod mot at andre enn muslimar får nytte *Allah* i sine heilage skrifter.

To interessante bøker ligg til melding i dette nummeret. Gordon Valen ved Ansgar høyskole melder Sverre Bøe si nye bok om misjonsteologien i Bibelen, *På vegne av Kristus*, og Rolf Kjøde har sett nærare på ei bok om transformerande misjon frå fire pinsekarismatiske missiologar i USA, *Christ among the Nations*.

Ha ei riktig god leseoppleving!